



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1867 - 14/6172

Saksbehandlar:
Janne Sund
Janne.Sund@lindas.kommune.no

Dato:
17.03.2014

Klage frå Ostereidet FUS barnehage på vedtak om tilskot for 2014

I Lindås kommune sitt brev av 27.1.2014 om utrekning av det kommunale tilskotet for 2014 skreiv vi mellom anna (vedlegg 1):

«Vi gjer dykk merksam på at vi har redusert barnetallet i utrekningane med 2,04 store barn, slik at det er dei godkjente 72 plassane som ligg til grunn for utrekninga, jf. vedtak i kommunestyret 21.mars 2013, sak 25/2013.»

Ostereidet FUS barnehage har i brev av 24.2.2014 klaga over følgjande:

1. Godkjenning på 72 plassar er ugyldig
2. Utrekning av antal heiltidsplassar og plassar er feil

Punkt 1)

Lindås kommune har hatt ein gjennomgang av godkjenningane for alle barnehagane i Lindås kommune. Gjennomgangen var bygd på gamle godkjenningar og endringar som er gjort og danner grunnlaget for ny godkjenning etter Lov om barnehage.

Barnehagen har fått følgjande dokumenter i samband med dette:

- Brev av 26.11.2012 – Godkjenning Ostereidet FUS barnehage (vedlegg 2)
- Brev av 17.12.2012 – Godkjenning Ostereidet FUS barnehage – andre høyring (vedlegg 3)
- Skjemaet Godkjenning av ordinær eller open barnehage (F-4198 N) datert 11.2.2013 (vedlegg 4)

Kommunestyret i Lindås behandla i møte 21.3.2013 sak om godkjenning av barnehagane i Lindås, sak 25/13 (vedlegg 5). Ostereidet FUS barnehage kom ikkje med noko merknader i samband med andre høyring av godkjenninga av barnehagen.

Vi meiner derfor at Ostereidet FUS barnehage er godkjent for 72 plassar.

Punkt 2)



Lindås kommune har i utrekninga av oppholdstimar og antal plassar, lagt til grunn årsmeldinga pr. 15.12.2013:

Oppholdstimer pr uke	0-2 år	3-6 år	Gjennomsnittlig oppholdstid	Oppholdstimer 0-2 år	Oppholdstimer 3-6 år	Sum
0-8 timer			6	0	0	
9-16 timer			13	0	0	
17-24 timer		1	21	0	1 008	
25-32 timer	1	2	29	1 392	2 784	
33-40 timer			37	0	0	
41 timer eller meir	15	41	45	32 400	88 560	
Sum barn	16	44		33 792	92 352	126 144
Heltidsplasser				15,64	42,76	58,40

Generelt:

Antal oppholdstimar pr år for ein plass: $45 \text{ t} \times 48 = 2\,160$ timar

Ostereidet FUS barnehage pr 15.12.2013:

Antal heile småbarnsplassar: $33\,792 : 2\,160 = 15,64$ plassar

Antal heile plassar store barn: $92\,352 : 2\,160 = 42,76$ plassar

Ein småbarnsplass tel for to plassar. Det gir: $15,64 \times 2 + 42,76 = 74,04$ plassar

Reknearket som PBL og KS har utvikla, gir same resultat.

I tilskotsforskrifta § 3 står det:

«Tilskuddet skal begrenses oppad til at den ikke-kommunale barnehagen ikke får tilskudd for flere barn enn det er plass til innenfor barnehagens godkjenning.»

Godkjenninga for Ostereidet FUS barnehage er på 72 plasser. Vi meiner derfor at det ved utrekninga av tilskotet til ordinær drift frå 1.1.2014, er rett å redusere antal plassar med 2,04 plassar, til 72 plassar slik vi har gjort.

Klagen frå Ostereidet FUS Barnehage følger vedlagt.

Lindås kommune stettar ikkje klagen frå Ostereidet FUS barnehage, og sendar med dette korrespondansen vidare til fylkesmannen for behandling.

Med helsing

Janne Sund
konst.ass.rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ostereidet FUS barnehage	Eide Indre	5993	OSTEREIDET
--------------------------	------------	------	------------

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
--------------------------	---------------	------	--------